

Ny turløype i Fortun

Yttri—Djupedalalen—Breimyri

Standard:

Turløype (jf. Veilideren [Tilrettelegging for turveier, løyper og stier](#))

Lysanlegg:

På deler av traseen

Bruksbredde:

3,5m

Lengde:

3,5km

Totallengde rundløype 5km

Høgdeskilnad:

120m (85—205moh)

Grunna utfordringar med tidlegare trase, og ønske om ein meir attraktiv turløype, har skigruppa til IL Fanaråk arbeidd med å etablere ein ny trase frå Yttri og sørover. Skissert trase er på totalt 3,5km, og er dels utforma som ein rundløype, der total lengde med start og slutt på Yttri vil vere på 5km. Planlagt trase følger i hovudsak eksisterande stier og skogsvegar. Største delen av traseen følger skogsveg med lite eller ingen behov for tiltak, medan ca 1,2km er etablering av ny trase eller vesentleg utviding av eksisterande sti.

Det vil vere to adkomstar til traseen; Yttri og Djupedalalen. Turløypa vil slik vere tilgjengeleg frå både Fortun sentrum og byggefeltet Hestahagen, og skape betre tilknytning mellom desse boligområda.

Traseen mellom Yttri og Djupedalalen (ca 1km) er planlagd med lysanlegg.

